



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vanylven kommune

Samandrag:

I den reviderte viltressurslova, (Lov om jakt, felling og fangst), som trådte i kraft frå 1. juli 2026 vert opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i kommunen.

Det vert lagt fram sak om å opne for bruk av slike siktemiddel i heile kommune ved lokal forskrift.

Kommunedirektøren tilrår å sende framlegget til forskrift på høyring. Høyringsfristen er sett til 6 veker.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende framlegget til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vanylven kommune ut på høyring med 6 veker høyringsfrist.

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vanylven kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Vanylven kommune Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng, i Vanylven kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato Forskrifta vert sett i kraft med det same

Høyringa vert sendt ut til aktuelle lag og organisasjonar, og den vert kunngjort på kommunen si heimeside.

Saksopplysninger:

Kommunedirektøren i Vanylven kommune har utarbeidd forslag til lokal forskrift. Bakgrunnen for saka er at den nye viltressurslova, lov om jakt, felling og fangst, tredde i kraft frå 1. juli 2026, og at Landbruks- og matdepartementet den 26. juni 2026 fastsette forskrift om endringar i forskrifter på viltområdet.

I viltressurslova er det no lagt inn forbod mot bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt (§ 26). Bruken av slike siktemiddel har ikkje vore lovregulert tidlegare, og dei har difor vore nytta på jakt. Blant hjortejegerane i våre område har bruken av slike siktemiddel vorte utbreidd dei seinare åra, då denne teknologien gradvis har vorte lettare tilgjengeleg og billegare. Ei av endringane i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst (jaktutøvingforskrifta) gjev kommunane heimel til å fastsetje lokal forskrift som vidarefører bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng. Sjå utdrag av forskrifta under (jaktutøvingforskrifta § 29a fjerde ledd):

- "For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret."

For å vurdere samordning av lokale forskrifter på tvers av kommunegrensene vart framlegget drøfta i fagnettverket for viltforvaltarar i Sunnfjord, Nordfjord og delar av Sunnmøre den 2. juli 2026. Fagnettverket var samde om at det vil vere tenleg med mest mogleg like forskriftstekstar mellom kommunane. Dette for at det ikkje skal verte uoversiktleg for jegerar (og jaktrettshavarar) å halde seg orienterte om kva regelverk som gjeld. Kommunedirektøren viser til at sjølv om Vanylven kommune ikkje formelt er medlem i dette fagnettverket, er det likevel tenleg at vi nyttar same utkast til forskrift.

Framlegg til lokal forskrift er utarbeidd med dette som utgangspunkt og lyder:

- **Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vanylven kommune, Møre og Romsdal**

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Vanylven kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng i Vanylven kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Forskrifta vert sett i kraft straks.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at forskrifta blir lagt ut på høyring i seks veker.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: ingen kjende
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Ugyldig flettefelt
Ugyldig flettefelt